

# KONKURRANSEGRUNNLAG

Open tilbodskonkurranse  
etter FOA del I og II

for anskaffing av

**Totalentreprenør veg, p-plass og kai ved  
Brattholmen skule**

Saksnr. 2019/602

# Innhald

<b>1</b>	<b>GENERELL SKILDRING</b> .....	<b>3</b>
1.1	OM OPPDRAGSGIVAR .....	3
1.2	KOMMUNIKASJON MED OPPDRAGSGIVAR .....	3
1.3	FORMÅLET MED ANSKAFFINGA .....	3
1.4	DELTILBOD .....	3
1.5	VIKTIGE DATOAR .....	4
<b>2</b>	<b>REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN</b> .....	<b>4</b>
2.1	ANSKAFFINGSPROSEDYRE .....	4
2.2	KRAV TIL ARBEIDS- OG LØNNSVILKÅR .....	4
2.3	OFFENTLEGHEIT OG TEIEPLIKT .....	4
2.4	VEDSTÅINGSFRIST .....	5
2.5	OPPDATERING AV KONKURRANSEGRUNNLAGET OG TILLEGGSOPPLYSNINGAR .....	5
<b>3</b>	<b>KVALIFIKASJONSKRAV</b> .....	<b>5</b>
3.1	LEVERANDØREN SI ORGANISATORISKE OG JURIDISKE STILLING .....	5
3.2	LEVERANDØREN SIN ØKONOMISKE OG FINANSIELLE KAPASITET .....	5
3.3	DEI TEKNISKE OG FAGLEGE KVALIFIKASJONANE TIL LEVERANDØREN .....	6
<b>4</b>	<b>TILDELINGSKRITERIUM</b> .....	<b>7</b>
<b>5</b>	<b>INNLEVERING AV TILBOD OG TILBODSUTFORMING</b> .....	<b>7</b>
5.1	INNLEVERING AV TILBOD .....	7
5.2	UTFORMINGA AV TILBODET .....	7
<b>6</b>	<b>VEDLEGG</b> .....	<b>7</b>

# 1 GENERELL SKILDRING

## 1.1 Om oppdragsgivar

Oppdragsgivarar for anskaffinga er Fjell kommune og FjellVAR AS.

Sjå <https://www.fjell.kommune.no/> og <https://www.fjellvar.as/> for ytterlegare informasjon.

## 1.2 Kommunikasjon med oppdragsgivar

Eventuelle spørsmål skal rettast til oppdragsgivar gjennom kommunikasjonsmodulen i konkurransegjennomføringsverktøyet Mercell.

Det skal ikkje vere kontakt/kommunikasjon med oppdragsgivar når det gjeld anbodskonkurransen enn gjennom Mercell.

## 1.3 Formålet med anskaffinga

Konkurransen omfattar totalentreprise for kommunaltekniske anlegg ved Brattholmen skule. Prosjektet omfattar etablering av veg til ny kai for lokaltilkomst for fastbuande på Langholmen, samt opparbeiding av parkeringsanlegg for fastbuande på Langholmen til erstatning for eksisterande garasjeanlegg aust for skulen. Eksisterande garasjar skal rivast, og på same stad skal det etablerast nedgrave containerløysing for renovasjon.

Anskaffinga omfattar også etablering av ny offentleg parkeringsplass nord for Brattholmen skule i tillegg til omlegging av åtkomstveg til bustader nord for skulen og omlegging/utviding av parkeringsplass aust for Brattholmen skule.

I tillegg inkluderer anskaffinga etablering av ny samleledning for spillvatn med dykkarledning til reinseanlegget ved Brattholmen kai, samt enkelte omleggingar av eksisterande VA-anlegg i samband med opparbeiding av ny parkeringsplass og nytt garasjeanlegg.

Arbeida omfattar grunn- og betongarbeid, elektroarbeider, samt VA-fag og bygningstekniske fag. Arbeida skal utførast samanhengande, men der det er stilt ulike krav til ferdigstillingsdato for ulike delar av anlegget. Tiltak i prisberande poster knytt til anlegg som har ulik ferdigstillingsdato skal tilpassast vidare utbygging, og eventuelle meirkostnader med dette skal inngå i den prisberande posten.

Det vert teke atterhald om politisk godkjenning av tildelinga før signering av kontrakt. Oppdragsgjevar kan avlysa konkurransen dersom tilboda overstig dei økonomiske rammene for prosjektet.

Oppdragsgivar si skildring av leveransen følgjer av Del 2 Vedlegg 3 Leveransebeskrivelse.

## 1.4 Deltilbod

Det er ikkje høve til å gi tilbod på delar av oppdraget.

## 1.5 Viktige datoar

Oppdragsgivar har lagt opp til slike tidsrammer for prosessen:

Aktivitet	Tidspunkt
Sendt til kunngjering Doffin	19.02.19
Tilbodssynfaring	<i>Vert annonsert</i>
Frist for å stille spørsmål til konkurransegrunlaget	07.03.19
<b>Frist for å levere tilbud</b>	<b>20.03.19 kl. 12:00</b>
Tilbudsopning	20.03.19 kl. 12:00
Evaluering og evt. dialog	Veke 12-13
Val av leverandør	29.03.19
Karensperiode utløp	08.04.19
Kontraktinngåing	Veke 15
Vedståingsfrist for tilbudet	31.05.19

Det blir gjort merksam på at tidspunkta etter tilbudsfrist er førebelse og kan bli justerte. Ei eventuell forlenging av vedståingsfristen for tilbudet kan berre skje dersom leverandøren godkjenner dette.

## 2 REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN

### 2.1 Anskaffingsprosedyre

Anskaffinga blir gjennomført i samsvar med lov 17. juni 2016 nr. 73 om offentlige anskaffelser (LOA) og forskrift 12.august2016 nr. 974 om offentlige anskaffelser (FOA) del I og del II. Kontraktstildeling vil bli gjort etter prosedyren open tilbuds konkurranse jf. FOA § 8-3.

Oppdragsgivar planlegg å tildele kontrakt utan å ha dialog med leverandørane utover å gjere eventuelle avklaringar/korrigeringar.

Dialog gjennom forhandlingar kan likevel bli gjennomført dersom oppdragsgivar, etter at tilboda er mottatte, vurderer det som formålstenleg. Utveljinga vil i så fall bli gjort etter ei vurdering av tildelingskriteria. Det blir presisert at ingen leverandørar kan forvente dialog om tilbudet sitt og derfor må levere sitt beste tilbud.

Leverandøren blir på det sterkaste oppfordra til å følgje dei rettleiingane som blir gitt i dette konkurransegrunlaget med vedlegg og eventuelt stille spørsmål ved uklare punkt.

### 2.2 Krav til arbeids- og lønnsvilkår

Kontrakten vil innehalde krav om lønns- og arbeidsvilkår, dokumentasjon og sanksjonar i samsvar med forskrift om lønns- og arbeidsvilkår av 8. februar 2008 nr. 112.

### 2.3 Offentlegheit og teieplikt

For ålmenta sitt innsyn i dokument knytte til ei offentlig anskaffing, gjeld offentleglova. Oppdragsgivar og tilsette der pliktar å hindre at andre får tilgang eller kjennskap til

opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåtar eller drifts- og forretningsforhold det vil vere av konkurransemessig verdi å halde hemmeleg, jf. FOA §§ 7-3 og 7-4 og forvaltningslova § 13.

## 2.4 Vedståingsfrist

Leverandøren må vedstå seg tilbodet sitt til det tidspunktet som er angitt i pkt. 1.5 ovanfor.

## 2.5 Oppdatering av konkurransegrunnlaget og tilleggsplysningar

Eventuelle rettingar, suppleringar eller endringar av konkurransegrunnlaget, og spørsmål til konkurransen med svar i anonymisert form, vil bli formidla til alle leverandørar som har registrert si interesse for anskaffinga på Doffin.no. Dersom leverandøren finn at konkurransegrunnlaget ikkje gir tilstrekkeleg rettleiing eller er uklart, kan han skriftleg be om tilleggsplysningar hos oppdragsgivar via kommunikasjonsmodulen i Mercell.

Dersom det blir oppdaga feil i konkurransegrunnlaget, ber vi om at dette blir formidla skriftleg via kommunikasjonsmodulen i Mercell.

## 3 KVALIFIKASJONSKRAV

For å kunne få tilbodet sitt evaluert må leverandøren levere etterspurt dokumentasjon på at han oppfyller kvalifikasjonskrava. Sjå også pkt. 5.2.

### 3.1 Leverandøren si organisatoriske og juridiske stilling

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal vere registrert i eit føretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert.	<ul style="list-style-type: none"><li>Firmaattest.</li></ul> <p><b>Skal dokumenterast saman med tilbodet.</b></p>

### 3.2 Leverandøren sin økonomiske og finansielle kapasitet

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal ha tilstrekkeleg økonomisk og finansiell kapasitet til å kunne utføre kontrakten. Kredittverdigheit utan krav til å stille sikkerheit vil vere tilstrekkelig til å oppfylle kravet.	<ul style="list-style-type: none"><li>Kredittvurdering som baserer seg på siste kjende rekneskapstal. Ratinga skal vere utført av kredittopplysningsverksemd som har konsesjon til å drive slik verksemd.</li><li>Eigenerklæring på at det vil bli stilt sikkerheit i samsvar med NS 8407.</li></ul> <p><b>Skal dokumenterast saman med tilbodet.</b></p>

Dersom leverandøren har sakleg grunn til ikkje å leggje fram den dokumentasjonen oppdragsgivar har kravd, kan han dokumentere sin økonomiske og finansielle kapasitet ved å leggje fram eitkvart anna dokument som oppdragsgivar ser som eigna.

### 3.3 Dei tekniske og faglege kvalifikasjonane til leverandøren

Krav	Dokumentasjonskrav
<p>Leverandøren skal ha god erfaring frå oppdrag som kan samanliknast.</p>	<p>Skildring av leverandøren sine relevante oppdrag i løpet av dei siste 5 åra. Skildringa må inkludere opplysningar om:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>a) Namn og kontaktinformasjon oppdragsgjevar</li> <li>b) Prosjektnamn</li> <li>c) Art, storleik, kostnad og kompleksitet med omsyn til utføring, logistikk og framdrift</li> <li>d) Tidspunkt (frå/til)</li> <li>e) Kva leveransar leverandøren stod for</li> <li>f) Entrepriseform</li> </ul> <p>Det er leverandøren sitt ansvar å dokumentere relevans gjennom skildringa. Leverandøren kan dokumentere erfaringa ved å vise til kompetanse til personell han rår over og kan nytte til dette oppdraget, sjølv om erfaringa er opparbeidd medan personellet har utført teneste for ein annan leverandør.</p> <p>Nytt mal for referanseskjema vedlagt som del 1 vedlegg 3.</p> <p><b>Skal dokumenterast saman med tilbodet.</b></p>
<p>Leverandøren skal ha tilstrekkeleg kapasitet og gjennomføringsevne</p>	<p>Oversikt over leverandørens totale bemanning, samt oversikt over talet årsverk, med kompetanse for spesielle/viktige fagområde for gjennomføring av denne kontrakten.</p> <p>Det skal gjerast greie for korleis leverandøren vil sikra tilstrekkeleg kapasitet for dette oppdraget. Det skal m.a. leggjast fram ein bemanningsplan for oppdraget som viser talet eigne tilsette, innleigde, underentreprenørar med meir.</p> <p><b>Skal dokumenterast saman med tilbodet.</b></p>
<p>Leverandøren skal ha tilfredsstillande rutinar for kvalitetssikring</p>	<p>Ei skildring av leverandøren sine metodar for kvalitetssikring. Dersom leverandøren er sertifisert etter ISO 9001 eller tilsvarende standardar vil det vera tilfredsstillande å leggja fram kopi av gyldig sertifikat</p> <p><b>Skal dokumenterast saman med tilbodet.</b></p>
<p>Leverandøren skal ha naudsynte godkjenningar etter plan- og bygningsloven for gjennomføring av prosjektet.</p>	<p>Dokumentasjon sentrale godkjenningar eller annan dokumentasjon som tilseier at leverandøren kan gjennomføra prosjektet.</p> <p><b>Skal dokumenterast saman med tilbodet.</b></p>

## 4 TILDELINGSKRITERIUM

Tildelinga vil skje på bakgrunn av kva for eit tilbod som har den lågaste prisen.

Vurderingstema:	Krav til dokumentasjon:
Under dette kriteriet blir tilbydd pris vurdert.	Ferdig utfylt del 2 vedlegg 2 Tilbudsskjema.  Følgende priser inngår i evalueringen: <ul style="list-style-type: none"><li>• Pkt. 1.1 Prisskjema</li><li>• Pkt. 1.2.1 Timepriser personell</li><li>• Pkt. 1.2.2 Timepriser på transport og maskiner inkl. fører</li><li>• Pkt. 1.3.1 Påslagsfaktorer for materialer, utstyr og transport</li></ul>

## 5 Innlevering av tilbod og tilbodsutforming

### 5.1 Innlevering av tilbod

Tilbodet skal leverast via Mercell, <https://permalink.mercell.com/99859725.aspx>.

### 5.2 Utforminga av tilbodet

Tilbodet skal leverast etter den utforminga det elektroniske systemet for innlevering angir.

Tilbodet skal utformast med denne disposisjonen:

- Signert og utfylt tilbodsbrief. (Ligg vedlagt.)
- Dokumentasjon kvalifikasjonskrav
  - Vert levert i Mercell under «Kvalifikasjonskrav»
- Utfylt del 2 vedlegg 2 Tilbudsskjema
- Eventuell annan dokumentasjon

Den leverandøren som vinn konkurransen, må i tillegg levere skatteattest på førespurnad, jf. FOA § 7-2.

## 6 Vedlegg

- Del 1 Vedlegg 1 Mal tilbodsbrief
- Del 1 Vedlegg 2 Forpliktingserklæring
- Del 1 Vedlegg 3 Mal referanseskjema
- Del 1 Vedlegg 4 Mal avvik
- Del 1 Vedlegg 5 Mal eigenerklæring teieplikt
- Del 2 Avtaledokument NS 8407
- Del 2 Vedlegg 1 – Totalentrepriseboka
- Del 2 Vedlegg 2 – Tilbudsskjema
- Del 2 Vedlegg 3 – Leveransebeskrivelse
- Del 2 Vedlegg 5 – Endringsmelding

- Del 2 Vedlegg 6 – Forretningsrutiner
- Del 2 Vedlegg 7 – Krav til innmåling og dokumentasjon
- Del 2 Vedlegg 8 – SHA-plan
- Del 2 Vedlegg 9 – Avtale hovedbedrift
- Del 2 Vedlegg 10 – Mal for SHA-månedssrapport
- Del 2 Vedlegg 11 – Blankett 1A
- Del 2 Vedlegg 12 – Blankett 1B
- Del 2 Vedlegg 13 – Blankett 2
- Del 2 Vedlegg 14 – Blankett 3
- Del 2 Vedlegg 15 – Tegninger
- Del 2 Vedlegg 16 – Plandokumenter
- Del 2 Vedlegg 17 – Vegnorm for Hordaland
- Del 2 Vedlegg 18 – Kommunalteknisk VA-norm
- Del 2 Vedlegg 19 – Renovasjonsteknisk norm for Fjell kommune